



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-126 OG

Hovdebygda, 15. august 2014

Høyringsfråsegn om Norsk kulturråd

Styret i Nynorsk kultursentrum har i møte 14.8.2014 drøfta høyringsnotatet og legg fram synspunkta sine nedan for.

I innspelsdokumentet til utvalet la Nynorsk kultursentrum vekt på desse hovudpunkta etter drøfting i styret 25. februar 2014:

1. Norsk kulturråd må praktisere prinsippet nynorsk
2. Norsk kulturråd må bli endå meir sjølvstendig og delast i to
3. Norsk kulturpolitikk treng eit svært kompetent kulturråd
4. Alle kulturinstitusjonar må kunne få midlar frå Norsk kulturråd

Desse fire konklusjonane står ved lag frå side, og vi utdjupar tre av dei nedanfor. For omtalen av det første punktet viser vi til brev til utvalet 15.3.2014 og fleire tidlegare høyringsfråsegner.

Vi har sakna røysta frå Norsk kulturråd i mange kulturpolitiske ordskifte dei seinare åra. Det er viktig at Norsk kulturråd ikkje blir avgrensa i retning av å vere eit ordinært statleg forvaltningsorgan. Difor er det positivt at Hamnen-utvalet så tydeleg går inn for eit sterk kulturråd.

Synspunkta våre er konsentrerte om nokre få hovudpunkt i kvart av kapitla 3-7 i innstillinga. Til slutt peikar vi på behovet for lengre høyringsfristar.

1 Prinsipp og perspektiv

Nynorsk kultursentrum ser på Norsk kulturråd som eit kulturpolitisk organ. Det ønskjer vi at det skal halde fram med å vere, og vi er glade for at Hamnen-utvalet ønskjer det same.

Hamnen-utvalet viser at Norsk kulturråd forvaltar ein vesentleg mindre del av offentlege kulturmidlar i dag enn for 40 år sidan – 8 % no mot 22 % då (s. 13). I absolutte summar er derimot porteføljen blitt svært stor. Kulturfondmidlane utgjer no over 500 millionar kroner kvart år. Summen er altså blitt mykje større, og det er ikkje uviktig for dei som søker og får midlar. Det er også viktig at Norsk kulturråd får 50 % fleire søknader no enn i 2008 (s. 26).

Kvantitative data seier berre litt om den kvalitative sida av saka. Sjølv om Norsk kulturråd utgjer ein mindre del av kulturforvaltninga enn før, kan det likevel hende at institusjonen representerer kvalitetsmål og prioriteringar som påverkar både andre delar av offentleg forvaltning og kunst- og kulturmiljøet. Her er truleg Norsk kulturråd minst like viktig som før.



Samla tal seier heller ikkje noko om Norsk kulturråd kan ha blitt mykje viktigare på nokre felt enn institusjonen var før. Døme på dette er lette å finne. For utgiving av allmenn sakprosa var Norsk kulturråd ganske uviktig i 1965. I 2014 er støtteordninga for sakprosa blitt ein avgjerande faktor for mange forlagsredaksjonar.

Det bør skiljast klarare mellom det rådet som forvaltar Norsk kulturfond og den administrasjonen som forvaltar andre oppgåver. Det politisk oppnemnde rådet bør styrkjast og få tilbake den profilen og samansetjinga det hadde før omorganiseringa i 2009–2010.

Regjeringa Stoltenberg endra i 2009–2010 rammevilkåra for Norsk kulturråd som følgje av tilrådingar frå Løken-utvalet. Den viktigaste endringa var at regjeringa flytta mykje definisjonsmakt og avgjerdsrett frå rådet til ein styrkt administrasjon. For omverda blei direktøren viktigare, synlegare og tydelegare enn rådsleiaren. Norsk kulturråd er nok blitt byråkratisert dei siste åra. Ei slik utvikling kan peike i retning av endå eit direktorat. Dei store direktorata med stor avstand til folkevald styring er blitt eit problem, og vi ønskjer ikkje eit stort kulturdirektorat.

Både museum og andre kulturinstitusjonar er blitt mykje større og meir profesjonelle organisasjonar det siste tiåret. Det stiller i neste omgang nye krav til samspelet mellom offentleg forvaltning og desse sjølvstendige kulturinstitusjonane.

Det har vore teke til orde for at fleire oppgåver som no ligg i Norsk kulturråd, bør overførast til fylkeskommunar eller kommunar. Vår eintydige røynsle er at Norsk kulturråd har større kompetanse på dei fleste områda enn det regionale forvaltningsnivået, og med svakare utbygde partsinteresser i enkeltprosjekt. Dei saksutgreiingane vi ser frå Norsk kulturråd, held nok som regel ei høgare standard enn det som gjerne kjem frå kommunar og fylkeskommunar. Administrasjonen i Norsk kulturråd kan rett nok ikkje frikjennast in blanco, men mange års nedskjeringar i kulturbudsjett og kulturadministrasjon i kommunane har sett sine spor.

Kulturpolitikken etter 2014 skal formast innanfor spennet mellom ein stat med mykje pengar, ei lokal forvaltning med varierende kompetanse og private kjelder med auka profesjonalitet. Slik vi ser det, er den statlege kulturforvaltninga og mange av kulturinstitusjonane vesentleg sterkare no enn for eit par tiår sidan. Den regionale kulturforvaltninga er derimot høgst variabel, i mange kommunar urovekkjande nært ordet *svak*. I dette ligg også ei spenning mellom lokal tilknytning og auka profesjonalisering.

Prinsippet om armlengds avstand i kulturpolitikken må stå fast, og det må handhevast med større tyngd og konsekvens også i den regionale og lokale kulturpolitikken. Det kan sikkert finnast støtteordningar i Norsk kulturråd som betre kunne forvaltast regionalt, men nokon må ha det samlande blikket og kunne setje inn ein ekstra innsats der ein ser det trengst. Med ei klarare organisering kan Norsk kulturråd gjere dette endå betre enn i dag.

Kva rolle Norsk kulturråd faktisk har spelt i kunstnarleg nyvinning og allment kulturfagleg utviklingsarbeid, går ikkje klart fram av utgreiinga, og det er nok eit stort spørsmål å svare på. Utviklingsmidlar som eit sentralt organ bestemmer skal brukast på bestemte måtar, vil raskt verke dempende på sjølvstendig utviklingsarbeid i institusjonane og redusere mangfaldet. Difor er det bra at Hamnen-utvalet vil endre kraftig på måten slike midlar blir brukte.

2 Organisering av råd og fagutval

Det er bra at Hamnen-utvalet ryddar i roller og så tydeleg får fram kor viktig Norsk kulturråd kan vere. Vi stør framlegget om ei eiga valnemnd, men er skeptiske til at berre



fylkeskommunane skal ha framleggsrett til denne valnemnda. Ei slik nemnd må arbeide ope og oppsøkjande og ikkje bli avhengig av slike innspel.

Frå og med 2009 har regjeringa oppnemnt rådsmedlemene, medan rådet som før sjølv oppnemner alle fagutval og underutval. Det siste er bra, det første bør endrast til at Stortinget og regjeringa deler på oppnemninga. Formell partsrepresentasjon bør der ikkje vere.

Rådet som kollegialt organ hadde lenge ei brei og variert samansetjing. I 2009 gjekk styresmaktene over til å oppnemne rådet som eit kollegium av kunstnarar frå ulike sektorar. Åra etterpå har vist at dette var ein dårleg idé. Rådet er blitt tydeleg svakare og har sjeldan agert som råd, oftare som enkeltpersonar med varierende grad av politisk kløkt.

Det er i underutvala fagfolka skal dominere og gi sine fagleg funderte råd med blick for strategiske vurderingar. Rådet må vere så breitt samansett kulturfagleg og politisk at det meir enn gjerne går på tvers av sektorgrenser i kunst- og kulturfeltet.

Ein god administrasjon er ingen tilstrekkeleg føresetnad for eit godt kulturråd. Der er eit breitt samansett råd med kompetanse og evne til å jamføre og krysse alle sektorgrenser i kunst- og kulturfeltet ein nødvendig føresetnad. Her synest vi Hamnen-utvalet stiller for milde krav til den smala kompetansen i kulturrådet. Ikkje berre *bør* rådet ha innsikt i kulturpolitikk, slik utvalet skriv på s. 59 – rådet *må* ha slik innsikt. Ikkje dermed sagt at alle må ha det, men nokre må ha det. Først då kan rådet basere seg på eit kunst- og kulturfagleg skjøn med kulturpolitisk tyngd.

3 Oppgåver som krev armlengds avstand

Norsk kulturråd må støtte dei beste, viktigaste og mest nyvinnande prosjekta. Då må alle prosjekt vurderast på lik linje, uavhengig av kven som står bak. Løyvingar frå Norsk kulturråd vil for mange vere ein nødvendig risikokapital, og Norsk kulturråd bør kunne ta større sjansar i vurderingane sine enn departement kan gjere. Slik kan endring, innovasjon og utvikling oppstå. Også kulturinstitusjonar med ordinær støtte frå Kulturdepartementet treng slik risikokapital.

Med verknad frå 2006 eller 2007 lukka regjeringa Stoltenberg Norsk kulturråd som finansieringskjelde for kulturinstitusjonar som får ordinære driftsmidlar frå Kulturdepartementet. Som hovudregel kunne desse ikkje søkje Norsk kulturråd, og slik er det framleis.

Heilt konsekvent er likevel ikkje dette. Då Norsk kulturråd tok over restane av ABM-utvikling, følgde støtte til museumstiltak og sikringstiltak med på lasset. Dermed forvaltar Norsk kulturråd støtteordningar som er tilrettelagde nettopp for arkiv og museum. Enkeltinstitusjonar kan dermed søkje på nokre ordningar, men ikkje på andre.

Regelen om kven som kan søkje og få støtte, fører til at eigarform avgjer, ikkje innhald. Eit handfast døme på dette er Ulvik poesifestival. Den festivalen har Ulvik herad utvikla sidan 2000, med avgrensa tilskot frå Norsk kulturråd. Etter ønske frå Ulvik herad har Nynorsk kultursentrum frå 1. januar 2014 teke over ansvaret for festivalen. Vi vil bygge vidare på det som er gjort og utvikle festivalen vidare, men av di vi får ordinær støtte frå Kulturdepartementet, kan Ulvik poesifestival no ikkje få midlar frå støtteordninga for litteraturfestivalar. Framlegget frå Hamnen-utvalet løyser ikkje dette problemet.

Støtteordningane i Norsk kulturråd bør altså opnast att. Med armlengds avstand skal Norsk kulturråd kunne gjere heilt andre vurderingar enn Kulturdepartementet. Innhald og kvalitet må avgjere, ikkje formalia som slår vilkårleg og uheldig ut. Det er rimeleg at

prosjektmidlar til museum blir forvalta mest mogleg likt tilsvarande prosjektmidlar til andre kulturinstitusjonar (jf. s. 68).

Nynorsk kultursentrum er glade for at Hamnen-utvalet er i tvil om den utstengjande søknadsregelen bør halde fram (s. 62). Vi rår til at regelen blir avskaffa, men at Norsk kulturråd sjølv kan presisere kva og korleis dei vil prioritere. Dette vil skape konsistens i måten departementa forvaltar midlar på. Kulturdepartementet har til dømes ei støtteordning for språktiltak, som dei siste åra har vore på om lag 4 millionar kroner. Dei grensene som er sette for kven som kan søkje Norsk kulturråd, eksisterer ikkje for denne ordninga, og det er det heller ingen god grunn til at det skulle gjere.

Hamnen-utvalet skriv at det enno står att ein del utviklingsarbeid i museumssektoren, og at det difor trengst ei ordning med utviklingsmidlar for dette (s. 69). Dette behovet er nok ikkje tidsavgrensa. Som andre kulturinstitusjonar driv museum eit jamleg utviklingsarbeid, og dette utløyser større og mindre behov for tilleggsfinansiering. I den statlege kulturøkonomien må der vere ein dynamikk som stimulerer slikt arbeid utan at slike tiltak blir forveksla med tidsavgrensa behov for å stimulere omorganiseringar. Hamnen-utvalet føreslår at desse blir fordelte på ulike postar i Kulturdepartementet. Det er ei betre løysing enn at fagadministrasjonen i Norsk kulturråd gjer det, men vi meiner den beste ordninga ville vere at det er rådskollegiet i Norsk kulturråd som forvaltar midlane. Det ville også styrkje Norsk kulturråd si rolle i kulturvernet.

4 Forvaltningsoppgåver

Vi stør det ønsket om maktspreiing som kjem til uttrykk frå regjeringa Solberg og i innstillinga frå Hamnen-utvalet. Her må to nødvendige føresetnader oppfyllest – brei kompetanse og opne prosessar. Utvalet framhevar transparens, men vi kan ikkje sjå at dette blir følgt opp i praksis når utvalet drøftar oppgåver til eit direktorat. All røynsle vi har med direktorat frå før peikar diverre eintydig i retning av mindre innsyn og større avstand mellom vurdering og politiske styresmakter.

Nynorsk kultursentrum har i tidlegare samanhengar, også i innspelsbrevet til utvalet 15.3.2014, stilt seg kritisk til denne direktoratiseringa, og den skepsisen framhevar vi her. Denne skepsisen blir ikkje mindre av å lese det Hamnen-utvalet skriv om slike oppgåver: «Direktoratsoppgaver løses som regel med stor grad av selvstendighet av underordnede fagorganer» (fotnote, s. 8).

Når det er klart kvar saker blir avgjorde, får det legitime påverknadsarbeidet konstruktive former. Ein kulturinstitusjon kan be om møte med embetsverk og politisk leing i eit departement, men det er i dag uklart kva ein vil få ut av møte med administrative einingar som har direktoratsfunksjonar. Ein viktig grunn til dette er at det er uklart kva rolle Norsk kulturråd i dag spelar i vurderinga av søknader om driftsmidlar frå Kulturdepartementet. Det er heller ikkje innlysande at administrasjonen i Norsk kulturråd har den kompetansen som trengst på alle felt for å vurdere desse søknadene *også på søkjarens premisser*.

Vi kan ikkje sjå at Hamnen-utvalet ryddar i dette. Di meir rådgiving overfor departementet som blir lagt til eit organ med direktoratliknande funksjonar, di meir lukka blir denne prosessen. Makt blir ikkje spreidd, arbeidet i forvaltninga blir ikkje transparent. Difor meiner Nynorsk kultursentrum at Norsk kulturråd bør fristillast frå rolla som rådgivar for Kulturdepartementet i budsjettpolitiske spørsmål som gjeld enkeltinstitusjonar. Der bør heile tida vere open og direkte linje mellom søkjar og løyvande instans om faste driftstilskot.

5 Deling av Norsk kulturråd

Nynorsk kultursentrum har i mange år vore ein av dei institusjonane som tydelegast og oftast har framheva kor viktig det er at sjølvstendige kulturinstitusjonar blir behandla nettopp som sølvstendige kulturinstitusjonar. Fleire av dei endringane regjeringa Solberg har signalisert på dette punktet i Sundvollen-erklæringa, er såleis i tråd med det vi har ønskt.

Norsk kulturråd skal arbeide innanfor dei rammene Stortinget set, men på armlengds avstand til regjering og forvaltning. Å vurdere verksemda til eit slikt organ er å drive kulturpolitikk. Ei anna samansetjing av det utvalet regjeringa har oppnemnt, kunne også på papiret ha markert denne avstanden, men vi reknar med at utvalet arbeider på sjølvstendig grunnlag.

Mindretalet i utvalet får på s. 76–77 betre fram dei dilemma denne saka reiser enn fleirtalet gjer på sidene framanfor. Nynorsk kultursentrum konkluderer med ei tredje løysing. Norsk kulturråd som kollegialt organ tek over ansvaret frå rådsadministrasjonen med å forvalte og fordele også dei ulike postane for utviklingsmidlar som no er der.

Reelle høyringar og romslege fristar

Vi anar ein tendens til at fristane er blitt svært korte i viktige høyringssaker den siste tida. Slik var det med framlegget til endringar i pressestøtta, og slik var det i denne saka om Hamnen-utvalet. Ein høyringsrunde som opnar 2. juni og sluttar 15. august utgjer i røynda maksimalt seks ordinære arbeidsveker. Den ordinære fristen er tre månader, og vi bed om at dette blir praktisert i framtida.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum



Ottar Grepstad
direktør